



Til den det måtte gjelde

Vedtak etter Smittevernloven § 4-1

Rettsleg grunnlag:

Smittevernloven § 4-1. Møteforbud, stenging av virksomhet, begrensning i kommunikasjon, isolering og smittesanering

Når det er nødvendig for å forebygge en allmennfarleg smittsom sykdom eller for å motvirke at den blir overført, kan kommunestyret vedta

- a) forbud mot møter og sammenkomster eller påbud om andre begrensninger i den sosiale omgangen overalt der mennesker er samlet,*
- b) stenging av virksomheter som samler flere mennesker, f.eks. barnehager, skoler, svømmehaller, flyplasser, butikker, hoteller eller andre bedrifter og arbeidsplasser – eller begrensninger i aktiviteter der,*
- c) stans eller begrensninger i kommunikasjoner,*
- d) isolering av personer i geografisk avgrensede områder eller andre begrensninger i deres bevegelsesfrihet i opptil sju dager om gangen,*
- e) pålegg til private eller offentlige om rengjøring, desinfeksjon eller destruksjon av gjenstander eller lokaler. Pålegget kan også gå ut på avlusing av selskapsdyr, utrydding av rotter og andre skadedyr, avlusing eller annen smittesanering.*

1-5. Grunnleggende krav ved iverksetting av smitteverntiltak

Smitteverntiltak etter loven skal være basert på en klar medisinskfaglig begrunnelse, være nødvendig av hensyn til smittevernet og fremstå tjenlig etter en helhetsvurdering. Ved iverksettelse av smitteverntiltak skal det legges vekt på frivillig medvirkning fra den eller de tiltaket gjelder.

Tvangstiltak kan ikke brukes når det etter sakens art og forholdene ellers vil være et uforholdsmessig inngrep.

Bakgrunn:

Norge og Giske kommune står overfor store utfordringer i forhold til å begrense og handtere pandemien med Covid-19. Mange og dramatiske tiltak er gjort for å forsinke og begrense pandemien både lokalt og nasjonalt.

Mykje av aktiviteten i samfunnet er stengt ned og folk er oppmoda om å halde seg heime. Skular, barnehagar, idrettsarrangement, treningssenter, møter, serveringsstader og alle type samankomstar har stengt ned og avlyst.

Så langt er vår region i ein relativt gunstig smittesituasjon. Det er påvist 7 positive i Ålesund, 4 i Sula og 1 i Giske. Vi kjenner smittevegen til alle som har testa positivt i Ålesund. All smitte er her relatert til reise i Mellom-Europa. Smittevegen til den som har testa positivt i Giske er ang ikkje kjend. Det er ytterlegare alvorleg at den som har testa pos i Giske arbeider ved kommunens legekontor som no er i heimekarantene.

Adresse:	Telefon:	Telefax:	Bankgiro:	E post:
Valderhaug 4 6050 VALDERØYA	70 18 80 00	70 18 80 01	4202 46 03339	post@giske.kommune.no



16. mars 2020

Legesenteret er dermed sett ut av drift. Ein av dei som har testa positivt i Sula arbeider ved ein pasientavdeling ved Ålesund sjukehus. Etter nye retningslinjer, testar vi ikkje pas med symptom frå område med vedvarande spreiding. Det medfører at mange kan bli smitta utan at vi kjenner smittevegane. Dette kan utvikle seg raskt frå ein relativt kontrollert situasjon.

Fylka Oslo, Viken, Rogaland og gamle Bergen og Hordaland har stor smittespreiding. Smitten vil no verte spreidd innanlands, då alle som kjem frå utlandet må i karantene. Det er altså vesentleg forskjell i smittepress mellom regionane aust og sør for vårt fylke og Giske kommune. Fleire andre kommunar i Møre og Romsdal fylke har gjort vedtak om avgrensning og karantene ved reise frå dei utsette områda.

Vurdering:

Både primærhelsetenesta og Ålesund Sjukehus står no overfor store utfordringar med å takle den pasientstrømmen vi no ventar. Samstundes er det ikkje til å unngå at mange helsearbeidarar hamnar i karantene pga at dei får symptom eller det vert påvist smitte med koronavirus. Dersom det vert svært mange pasientar samstundes, vert helsevesenet ikkje i stand til å takle dette. Erfaringane særleg frå Italia, men også frå andre land som Sør Korea, Kina og Japan tilseier at det er effektivt å stenge ned samfunnaktivitet så mykje som mogeleg.

Det å stenge ned så mykje aktivitet som mogeleg og avgrense reise viser seg å ha effekt.

Vedtak:

For å avgrense smittespreiding av Covid 19 og bidra til å oppretthalde nødvendig helse og omsorgstenester, gjer Giske kommune fylgjande vedtak etter § 4-1:

1. Alle som kjem til Giske kommune etter reise i områda angitt i pkt 3 i Norge vert ilagt heimekarantene i 14 dagar.
2. Personar som utviklar sykdom eller symptom i karanteneperioden følger myndighetenes anbefaling om å konvertere heimekarantene til isolasjon.
3. Vedtaket gjeld frå 16.03.2020 følgjande områder: Fylkene Oslo, Viken, Agder, Rogaland, Vestfold og Telemark, Innlandet og Vestland.

Transittopphald på flyplass i desse områda vert ikkje medrekna.

Fører og personell av vare og passasjertransport unntas frå vedtakets karantenekrav, men nasjonale føringar for karantene og isolasjon ved sjukdom gjeld. Dette gjeld også personell som er nødvendig for å gjennomføre transporten.

Reisande som ikkje har symptom kan reise til planlagt opphaldsstad, men bør under reisa så langt det lar seg gjere, halde avstand til andre.

Reisande med symptom skal umiddelbart i isolering og kan ikkje bruke offentlig transport.



GISKE KOMMUNE

16. mars 2020

Det kan gjerast unntak for nøkkelpersonell som har samfunnskritiske oppgåver etter DSB sin definisjon.

Vedtaket har verknad fra 16. mars og inntil nytt vedtak er fatta.

Klage på vedtaket vert avgjort av Fylkesmannen etter smittevernloven § 8-3.

Giske, 16. mars 2020

Anne-Line Sommerdalen

Kommuneoverlege i Giske

Tlf. 70 18 85 00

anns@giske.kommune.no

Adresse:

Valderhaug 4
6050 VALDERØYA

Telefon:

70 18 80 00

Telefax:

70 18 80 01

Bankgiro:

4202 46 03339

E post:

post@giske.kommune.no